


Bu og jobbtrivsel i Nordhordland

Spørreundersøking blant personar 25 – 39 år i Nordhordland
9. - 13. februar 2015

Jobb og utdanning

respons

1. Er du i jobb eller er du under utdanning? Viss jobb, er du i offentlig eller privat sektor?




Dei aller fleste oppgir at ein er i jobb. Nær 90 prosent i aldersgruppa 25-39 år er i jobb. Vel 30 prosent er tilsett i offentlig sektor, og 56 prosent jobbar i privat sektor.

Totalt er 6 prosent under utdanning. Hovudtyngden er under 30 år. I denne aldersgruppa svarer 14 prosent at ein er under utdanning.

Berre 7 prosent er verken i jobb eller under utdanning.

Hovudtyngden av menn er privat sektor, medan kvinner i større grad er i offentlig sektor.

2. Jobbar eller går du på skule i Nordhordland, i Bergen, eller andre stader?




Over halvparten av dei unge jobbar eller går på skule i Nordhordland. Nær 30 prosent jobbar eller går på skule i Bergen. I alt 8 prosent oppgir andre stader i Hordaland, medan berre 6 prosent oppgir andre stader utanom Hordaland.

Det er tydelege skilnader mellom Meland og Lindås på den eine sida og dei øvrige kommunane på den andre. Ungdomen i Meland og Lindås pendlar i mykje større grad til Bergen enn dei gjer i andre delar av Nordhordland.

Også i Radøy kommune er det mange som jobbar i Bergen – 28 prosent.

2. Jobbar eller går du på skule i Nordhordland, i Bergen, eller andre stader?




Over halvparten av dei unge jobbar eller går på skule i Nordhordland. Nær 30 prosent jobbar eller går på skule i Bergen. I alt 8 prosent oppgir andre stader i Hordaland, medan berre 6 prosent oppgir andre stader utanom Hordaland.

Dei yngste og dei eldste er i størst grad knytta til Bergen i jobb- og skulesamanheng.

Vektlegging og inntrykk av tilbud og tenester i kommunen

5. Kor viktig er det for deg å ha følgjande tilbod i den kommunen du bur i?



Skuletilbod i kommunen blir oppfatta som det aller viktigaste. Totalt seier 84 prosent at dette er svært viktig. Det er dei unge i Meland og Lindås som i størst grad vektlegg skuletilbodet i kommunen.


Nærare 80 prosent meiner barnehagetilbod i kommunen er svært viktig. Her ser vi ingen vesentlege skilnader mellom kommunane.

Dei aller fleste meiner at gode butilhøve i kommunen er viktig. I alt 76 prosent meiner dette er svært viktig. Heller inga stor skilnad mellom kommunane her.

Vel halvparten av dei spurte meiner at nærleik til fjell og sjø, aktivitetstilbod og jobbtilbod i kommunen er svært viktig – altså klårt lågare enn vektlegging av «basistilboda» skule, barnehagar og butilhøve.

Når det gjeld vektlegging av jobbtilbod, er det stor skilnad mellom Meland/Lindås og dei øvrige kommunane. Dette kan ha samband med at Meland og Lindås ligg nærare den store arbeidsmarknaden i Bergen. Jobbtilbod treng såleis ikkje isolerast til den kommunen ein bur i, slik som skuletilbod, barnehagetilbod og butilhøve.

6. Kva inntrykk har du av følgjande tilbod i den kommunen du bur i?



Skuletilbodet og barnehagetilbodet er dei tilboda dei unge er mest tilfreds med, og spesielt gjeld dette blant dei som bur i dei mindre kommunane utanom Meland og Lindås.


Nærare 80 prosent meiner barnehagetilbod i kommunen er svært viktig. Ikkje uventa er det dei som har barn som meiner dette er viktigast. Dei unge er godt tilfreds med barnehagetilbodet i kommunen. I alt 65 seier tilbodet er svært godt eller ganske godt. Dei eldste er mest tilfreds med tilbodet.

Eit fleirtal blant dei unge er også godt tilfreds med butilhøva i kommunen. Totalt seier 63 prosent at butilhøva i kommunen er svært gode eller ganske gode. Her er det inga særleg skilnad mellom Meland/Lindås og dei øvrige kommunane.


Ungdomen er klårt minst tilfreds med jobbtilboda i kommunen. I underkant av 30 prosent meiner jobbtilboda er svært gode eller ganske gode. Inga skilnad mellom kommunane, men bakgrunnstala viser at dei yngste er minst tilfreds med jobbtilboda i kommunen.

5. Kor viktig er det for deg å ha følgjande tilbod i den kommunen du bur i?

6. Kva inntrykk har du av følgjande tilbod i den kommunen du bur i?




10. Kor viktig vil det vere at det kjem fleire arbeidsplassar til Nordhordland for om du vert buande i Nordhordland?



Vel 50 prosent meiner det er svært eller ganske viktig at det kjem fleire arbeidsplassar for om ein vert buande i Nordhordland. Men det er til dels stor skilnad mellom dei unge i Meland/Lindås og i dei øvrige kommunane. I Meland/Lindås er det berre 25 prosent som seier dette er svært viktig, medan 37 prosent i dei øvrige kommunane i Nordhordland seier dette er svært viktig.

Totalt seier altså godt over 40 prosent at det er mindre viktig eller ikkje viktig at det kjem arbeidsplassar for om ein vert buande eller ikkje.

10. Kor viktig vil det vere at det kjem fleire arbeidsplassar til Nordhordland for om du vert buande i Nordhordland?




Godt over 50 prosent meiner det er svært eller ganske viktig at det kjem fleire arbeidsplassar for om ein vert buande i Nordhordland. Dei yngste ønskjer dette i sterkare grad enn dei eldste.

Men likevel – godt over 40 prosent meiner det er mindre viktig eller ikkje viktig at kjem arbeidsplassar for om ein vert buande eller ikkje. Det er særleg dei eldste «ungdomane» som meiner dette. I denne gruppa meiner over halvparten at det ikkje er så viktig. Dette har nok samanheng med at denne gruppa er godt etablert, og ser neppe for seg at ein flyttar fordi det ikkje kjem nye arbeidsplassar i regionen.

Analysar av materialet viser at den gruppa som har planer om å flytte, i størst grad legg vekt på at det kjem fleire arbeidsplassar.

Innflytting og utflytting i Nordhordland

7. Vil du i løpet av dei nærmaste 5 åra framleis bu i den kommunen du bur i, kjem du til å flytte til ein annan kommune i Nordhordland, kjem du til å flytte til Bergen, eller kjem du til å flytte til andre stader?




Godt over 70 prosent av ungdomen meiner ein vil fortsatt bu i kommunen om 5 år. Bakgrunnstala viser at dess eldre ein er, dess meir sannsynleg er det at ein blir buande i kommunen. Tala viser at 85 prosent av dei mellom 35 og 39 år fortsatt vil bu i kommunen om 5 år.

Årsaka er sjølvsagt at dei fleste i den eldste aldersgruppa er etablert med hus og familie, og vil dermed ha ein høgare terskel til å flytte på seg.


Dei yngste er mest mobile, og klårt færre i denne gruppa gir uttrykk for at ein fortsatt vil bu i kommunen. 13 prosent svarer blant anna at ein kjem til å flytte til Bergen.

7. Vil du i løpet av dei nærmaste 5 åra framleis bu i den kommunen du bur i, kjem du til å flytte til ein annan kommune i Nordhordland, kjem du til å flytte til Bergen, eller kjem du til å flytte til andre stader?




Skilnaden mellom Meland/Lindås og dei øvrige kommunane er ikkje så stor. Men det er nokon fleire i Meland/Lindås som kjem til å flytte til Bergen enn det ungdomar andre stader vil gjere.

8. Har du i løpet av de siste 5 åra flytta til Nordhordland-regionen?



Så mange som ein tredel av dei unge mellom 25 og 39 år seier dei er innflyttarar til Nordhordland-regionen. Dette gjer at mange av kommunane har nettotilflytting, og ein god tilvekst i befolkninga.

8. Har du i løpet av de siste 5 åra flytta til Nordhordland-regionen?




Ingen stor skilnad mellom dei yo største kommunane og dei øvrige kommunane i Nordhordland.

Men bakgrunnstala viser at det er Meland, Modalen og Austrheim som har størst andel innflyttarar. I desse kommunane oppgir over 40 prosent at ein har flytta inn til regionen dei siste 5 åra.

HVIS JA:

9. Kva var viktigaste grunn til at du flytta til Nordhordland? LES OPP 1-5




Viktigaste grunn til at ein flytta til Nordhordland er kjøp av bustad. Totalt 29 prosent seier at kjøp av eigedom/hus er viktigaste grunn. Det er spesielt ungdomar i Meland og Lindås som oppgir dette. Dernest kjem jobb, som 19 prosent oppgir.

Ein annan viktig grunn for mange er at ein kjem nærare familien og oppvekstheimen. 17 prosent oppgir dette. Dette vil da vere dei som har budd ei stund ein annan plass enn Nordhordland, og som nå har flytta tilbake.

12 prosent skylder på ein kjæraste. Dei fleste i målgruppa er eller har vært i ein etableringsfase. Det er i denne samanhengen at kjærastens val av bustad kan vere viktig. Fleire menn enn kvinner skylder på kjærasten.

Berre 6 prosent meiner viktigaste grunn er skule. I alt 5 prosent er innflyttarar fordi det er rimelegare å bu i Nordhordland. Men dette må sjåast i samheng med kjøp av bustad, som nesten 30 prosent oppgir. Det er klart ein av grunnane til at ein har kjøpt hus og eigedom i Nordhordland, er at bustadprisane er lågare enn i for eksempel Bergen.

13. I kva grad meiner du det er attraktivt for unge menneske å bu i den kommunen du bur i?




Godt over halvparten av dei unge meiner det i stor grad er attraktivt for unge menneske å bu i den kommunen ein bur i.

Bakgrunnstala viser at dei eldste ungdomane og kvinnene er mest overtydd om at det er attraktivt.

Det er fleire i de to store kommunane som er overtydd om at det er attraktivt for dei unge å bu i kommunen enn det vi finn i dei mindre kommunane. I for eksempel Meland svarer godt over 70 prosent at det er attraktivt for unge å bu i kommunen.

14. I kva grad meiner du det er attraktivt for unge menneske å bu i Nordhordlandsregionen?




Nær 60 prosent av dei unge meiner det er attraktivt for unge menneske å bu i Nordhordlandsregionen.

Skilnaden mellom dei to største kommunane og dei øvrige er ikkje stor når vi spør om å bu i regionen, i staden for kommunen.

Bakgrunnstala viser elles at det er kvinnene og dei eldste «ungdomane» som er mest overtydd om at det er attraktivt for unge å bu i Nordhordland.

Kommunesamanslåing i Nordhordland


11. Ville du stille deg positiv eller negativ dersom den kommunen du bur i, blei slått saman med ein eller fleire andre kommunar?



Ei overvekt av dei spurte stiller seg positive til at kommunen ein bur i blir slått saman med ein eller fleire andre kommunar. 45 prosent er positive, medan vel 30 prosent stiller seg negative. Totalt 24 prosent seier dei ikkje nokon oppfatning i dette spørsmålet.

Det er stor skilnad i haldning til kommunesamanslåingar mellom unge i dei to største kommunane og unge i dei øvrige kommunane. Det er også størst oppslutnad om kommunesamanslåing i dei største kommunane, og sterkast motstand i dei minste kommunane.


11. Ville du stille deg positiv eller negativ dersom den kommunen du bur i, blei slått saman med ein eller fleire andre kommunar?



Bakgrunnstala viser at det er størst oppslutnad om kommunesamanslåingar hos menn og dei eldste ungdomane.

Det er også slik at dei som jobbar eller går på skule utanom Nordhordland, er noko meir positive enn andre.

12. Trur du kommunesamanslåing i Nordhordland, vil føre til eit betre tenestetilbod eller dårlegare tenestetilbod for innbyggjarane, eller vil ikkje dette ha nokon innverknad på tenestetilbodet?



Sjølv om det er ei overvekt som er positive kommunesamanslåingar, er det ikkje like store forventningar om at det vil føre til betre tenestetilbod. 30 prosent meiner tenestetilbodet blir betre med større kommunar, 35 prosent meiner det blir dårlegare, medan 23 prosent trur samanslåingar ikkje vil gi noko innverknad på tenestetilbodet.


I det store og heile samsvarar tala nokså godt med andre målingar som er gjennomført om dette spørsmålet. Dei fleste stiller seg positive til samanslåingar, men er usikre på om det vil gi noko betre tenestetilbod frå kommunane.

Men det er store skilnader mellom dei store og små kommunane. Ungdomen i dei minste kommunane er klart overtydd om at tenestetilbodet vil verta dårlegare med kommunesamanslåing til større kommunar.

Ungdom i dei to største kommunane er meir delt i synet på tenestetilbodet, men ei overvekt trur det blir betre tenestetilbod.

Profilerte organisasjoner og personer i Nordhordland


15. Er det nokon lag, organisasjonar, arrangement eller stader i Nordhordland du meiner gjer et spesielt godt inntrykk? I tilfelle, kven er det?



Av ulike organisasjonar og arrangement er det Knarvik Mila som i størst grad har gjort eit godt inntrykk. Dernext kjem Idrettslaget Kvernbit og Korpsbevegelsen.

I det store og heile er det idrettslag og musikklag som vert trekt fram når vi spør om kven som har gjort eit godt inntrykk i regionen.

16. Er det nokon personar du meiner har gjort et spesielt godt inntrykk i befolkninga i Nordhordland? I tilfelle, kven er det?



Av personar er det i første rekke Helge Brekke, Trond Mohn og ordføreren i Lindås som blir trekt fram.

Det er såleis både organisasjonen Knarvik Mila og «primus motor» Helge Brekke som har gjort sterkast inntrykk blant dei unge i Nordhordland.